

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-X26	21/528

Førebygging av utmarksbrann i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp.retaksering verk og bruk.

Kommunestyret - 045/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Nagel Toft orienterte om saka.

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) kom med framlegg i møte: I samfunnsdelen av kommuneplanen heiter det:

Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvalting og effektive landbrukstiltak.

Dette vil me få til gjennom å utarbeida communal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.

I tråd med føringane i kommuneplanen sin samfunnsdel skal Austrheim kommune så snart som økonomisk mogleg utarbeida temaplan mot attgroing der førebygging av utmarksbrann skal ha høg prioritet. Inndekking skal skje gjennom budsjettjustering i 2021 eller i budsjett for 2022.

Asbjørn Nagel Toft: Det er laga ein rapport som kan leggjast fram for kommunestyret.

Aslak Bakke (H) - fekk svar om korleis planen er elles, sidan rapporten kjem. Er det midlar ein kan søkje om til slike tiltak?

Asbjørn Nagel Toft - Det beste er å gi tilskot til beiterydding. Aktive bønder, ope landskap. Kommunestyret bør prioritere beiterydding og aktivt landbruk.

Ordførar Per Lerøy (Ap) - desidert beste måten å førebyggja er aktivt beitebruk. Landskapet blir enklare å sløkkja ved brann. Må vurdere om vi skal følge opp og løyva midlar.

Reidar Ulvøy (AP) - Vi må ha Sotrabrannen i bakhovudet. Dette er positive tiltak. Kva med private eigedommar, vi må tenkjer på desse også. Kan vi få til ein årleg kontroll for heile kommunen og kan eventuelt Brann - og redning vere nokon som kan ta dette tilsynet?

Per Lerøy (AP)- Vi kan sjå til telestasjonen så vil vi sjå kor alvorleg situasjonen er. Har vore dialog med Telenor og grunneigarar og opplever positivitet, men skal private rydde betingar det at det ikkje påfører grunneigarane kostnader. Kommunen må kanskje gå inn med midlar. Telesentralen er eit viktig punkt.

Monika Thorpe - BBK er ute og sjekkar med helikopter, men det er lite som bli teke ned. Kan vi presse meir på BKK og grunneigarar? Modalen har ein god ide med kommunale Geit med GPS sporing.

Asbjørn Nagel Toft - Det er tanken å halde fokus oppe på dette tema i samarbeid med grunneigarar.

Reidar Øksnes (SP) - landbruk, stønad og risiko er noko ein må sjå i samanheng. Kommunen har forpliktelsar i ulike området. Rydde området er ein ting, men det å få sett opp gjerde slik at ein kan ha beitedyr, det er svært viktig. Kanskje ikkje geit som er viktigast enda. Svært mange hus som er fritidsbustader, der ingen bur der fast og det vert naturleg rydda mindre. Viktig å sjå på område i Høgeberget. Vi skal ikkje omprioritere nå, men må vere merksam på andre områder. Brannsikkerheit, og tilkomst er også viktig. Må ta dette på alvor, greitt at vi bruker 100.000,- og tek med framlegg frå Bygdelista, men vi må ta dette vidare. Sjå på heilskapen og lage ein strategi og ta det gradvis framover.

Per Lerøy (Ap) - Vi har saker på sakslista fordi vi tar det på alvor. Grunneigarane som ikkje bur i kommunen kan og vere skeptiske til å gå igang grunna kostnader.

Reidar Ulvøy (Ap) - Private fråflytta gardsbruk, har vi mange av. Skal vi prøve å løfte saka og tenkje annleis. Elles forvrig heilt einig med Reidar Øksnes.

Morten Sognnes (H) - Vi skal forhalda oss til mange eigalarar. Svært bra viss vi får plan på plass. Geit fungerer svært bra, dei kan brukast vedlikehald, men det er svært viktig at ein tar ned dei større trea og.

Asbjørn Nagel Toft - Arbeidet er viktig i alle kystkommunar og ein jobbar med det kontinuerleg. Også i samband med andre planar om til dømes Heiane plan. Vi må vere føre var og få rydda landskapet. Attgroingsfasen er farlegast.

Inger Lise Brekke (H) - Vi kan gjere meir så snart som økonomisk mogeleg. Framlegg er litt for ope. Kostnader må fortløpende presenterast for kommunestyret slik at ein kan ta stilling til det. Vise til samfunnsdelen, der det skal vere prioritert

Per Lerøy (AP) - Vedtak som foreslått, men vise til samfunnsdelen, ber om at kommunedirektøren skal utarbeide plan som oppfølging.

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug - Entreprenørar kan arbeide vidare i sommar, derfor ønskeleg med midlar no. Midlane kan ein ta frå 251080048 Fond - komp. Retaksering verk og bruk

Framlegg til vedtak: Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå

251080048 Fond - komp. Retaksering verk og bruk.

Per Lerøy (Ap) - Er Bygdelista med på dette framleggget viss vi legg til det med samfunnsdelen i kommuneplanen?

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) svara bekreftande på dette.

Handsaming i kommunestyret:
Framleggget vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp.retaksering verk og bruk.


Saksopplysninger:

Å førebyggja øydeleggjande utmarksbrann er ei viktig sak i mange kommunar som er prega av attgroing. Austrheim kommune har ein strategi om å få redusert risiko knytt til utmarksbrann som kan skade viktig infrastruktur, bustadar og offentlege institusjonar.

Det er no teikna arbeidskontrakt mellom ein skogsentreprenør og Austrheim kommune knytt til ryddearbeid av skog og kratt i område omkring Årås skule, Austrheimhallen, kommunehuset og ved Sætremarka burettslag. Arbeidet startar i juni 2021. Midlane strakk ikkje meir til enn å rydda om lag 30 dekar stor område. Desse midlane vart teke frå prosjektet Førebygging av utmarksbrann (kr. 276.000).

Austrheim kommune ser at det er naudsynt å rydda noko meir når me først har ein entreprenør i området vårt. Også med tanke på det som skjedde på Sotra både i år og i 2012. I Flatanger på var det ein svært stor utmarksbrann i 2014, den tok om lag 65 bygningar, i hovudsak hytter. Den starta som ein utmarksbrann i lyng og kratt og spreidde seg fort over store attgroingsområde. Det er særleg etter lange tørkeperiodar slike større brannar kan skje. Klimaendringene har og vil bidra til større brannfare mange stadar framover.


Dette er bakgrunnen for at det no bør fjernast større og mindre sitkatre og andre bartre, i hovudsak furu på kommunal eigedom sørvest for Åråsfeltet. Desse skal kvistast og leggast rett på bakken i område under sterkt attgroing (feiast ned). Her vil dei rotna relativt fort. Området er om lag 40 dekar stort. Det var ein kratt/skogbrann i deler av området her for om lag 30 år sidan. Med eit slikt arbeid vil ein og redusera faren for brann noko internt i feltet. Lauvtre kan få stå, dei vert rekna som mindre brannfarlege.




Område 1 (sørvest i Åråsfeltet)

Det bør også fjernast store og små sitka og andre bartre på arealet sør for bensinstasjonen i kommunesenteret. Lauvre kan få stå, dei vert rekna som mindre brannfarlege. Dette er i privat eige. Område 2 er om lag 50 dekar stort.

Austrheim kommune brukar så langt pengane rekk kr. 100.000 til dette arbeidet. Arbeidet vert betalt på timebasis, det er med i kontrakten til entreprenøren som leverte det rimlegaste pristilbodet på ryddearbeidet som skal byrja i juni.



Område 2 (sør for bensinstasjonen i kommunesenteret)



Etter arbeidet er ferdig er målet at kratt og barskog er er høgd ned i desse områda.

Vurdering:

Kommunedirektøren meiner at det er viktig å koma i gang med førebyggjande ryddearbeid for å redusera risiko knytt til utmarksbrann. Austrheim kommune som andre kystkommunar er prega av større område under attgroing. Ein del av desse områda er i nærleiken og attmed offentlege insitusjonar, kritisk infrastruktur og større bustadfelt. Ved sterk vind etter ein lenger tørkeperiode er slike område særskilt farlege, slike brannar kan spre seg fort utover. Det som skjedde i Flatanger i 2016 og på Sotra kan og skje her hjå oss om tilhøva for slike brannar er optimale.

Kommunedirektøren synes det er fornuftig å fjerna kratt/skog ved Åråsfeltet og i området sør for kommunenesenteret som vist i saksutgreiinga over. Kommunedirektøren vil understreka at me har god dialog med grunneigarane sør for kommunenesenteret om dette arbeidet på gbnr. 142/7. Han vil også vurdera å få plass til et parkeringsplass her etterkvart. I dag bur grunneigarar her i ein anna kommune, men han har planar om å etablere seg her.

Kommunedirektøren vil også informera om at området aust for Sætremarka burettslag skal ryddast no i sommar. Det skal også området som kommunen eig mellom Austrheimhallen og kommunehuset. Eit breiare belte langs gangvegen mellom Austrheimhallen og Austrheim vidaregåande Skule skal også ryddast. Dette arbeidet er finansiert gjennom skjønnsmidlar, entreprenør er klar til å byrja dette arbeidet no i juni, arbeidskontrakt er underteikna og på plass.

Kommunedirektører rår til at kommunestyret løyver kr. 100.000 til ryddearbeid omkring Åråsfeltet og området sør for bensinstasjonen på gbnr. 142/7 som vist på kart i saksutgreiinga ..

Konklusjon:

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omrking Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå.